

*Skal du på martnan?  
Sjå opp for den hemnsjuke  
og munnrappe Västmannen.*

DET OMREISENDE TEATRET  
Som Beveger Dig



NORD-TRØNDALG  
TEATER



# VÄSTMANNEN

- EIN FORBONDES MARTNASFERD

AV: TORVALD SUND, REGI: ARNULF HAGA,  
SCENOGRAFI: ERLEND HAGA, MED: TORE B. GRANÅS



# **Skal du på martnan? Sjå opp for den hemnsjuke og munnrappe Västmannen.**

Handels- og ferdaveiene frå Jamtland til Trøndelag har eksistert i over 1200 år. Frå gamalt av var det dei jamske forbondene som sto for det meste av sal og bytte av varer på markeda i Trøndelag. Forbønder vart dei kalla, fordi dei køyrte foror, eller lass, med hest og slede frå Sverige til Trøndelag om vinteren. Denne martnasferda kalla dei sjølv for västfala.

I Västmannen får du oppleve ein heilt særengen forbondes martnasferd i 1877. Forbonden nærer eit brennande hat til ein staværing som under fjarårets martna narra han til å kjøpe ei tønne med roten spekesild. Målet for årets martnasferd er hemn. På ferda over fjellet råker han ut for fleire uhell, og kvar gong strekkjes ei hjelpende hand ut til forbonden. Godheita endrar noko i han og verker på både verdssynet og tankesettet til forbonden vår.

Det er skodespelar Tore B. Granås som kroppsleggjer den muntre, men hemngjerrige västmannen. Du finn han i bakgardane, der folk flest samla seg til handel, fest, skjemt, dans og leven i gamal tid.

Monologen vert framført på jamska, ei trøndsk dialekt som er i ferd med å bli borte. Gjer deg klar til eit spennande og levande innsyn i den farlege tradisjonen gjennom historisk forteljarteater på sitt aller beste.



**Av: TORVALD SUND  
Regi: ARNULF HAGA, Scenografi: ERLEND HAGA,  
Med: TORE B. GRANÅS**

**EIT GJESTESPEL FRÅ INNSPÆLL**